



Aukra kommune



SEEK AND FIND

Informasjon til føresette

Kort om spelet:

Enkelt fortalt er dette ein gøymeleik som går føre seg ei heil natt i eit avgrensa skogsområde i Aukra-skogen. Deltakarane melder seg på i lag. Ved frammøte klokka 19.00 får laga utlevert ein konvolutt med nødvendig informasjon. Deretter følges dei ut i skogen av ein vaksen og etablerer ein leir. Spillet startar klokka 22.00. Alle må opphalde seg i eigen leir til sjølve spillet startar. Eit kodekort henges da opp i leiren på ein godt synleg stad. Spillet går ut på å finne dei andre leirane og notere ned flest moglege kodar i løpet av natta, samtidig som så få som mogleg skal finne deira eigen base. Sjølve spillet varer frem til laurdag morgen klokka 06.00 (då kan kodekorta tas ned i leiren). Utsjekking skjer i Aukra-hallen klokka 08.30. Det er ingen som blir slått ut av spillet – alle er med til siste slutt.

Stad:

Spillet går føre seg i Aukra-skogen med hovudbase på leikeplassen ved Aukra-hallen. Området vil vere godt merka. Aukra-hallen sine lokale med kjøkken og toalett er leidt for dette høvet. Dei vaksne får disponere kjøkkenet og det vil vere mogeleg å gå inn og varme seg. Aukra-hallen blir også staden ungdommane blir registrert inn og sjekkar ut.

Utstyr:

Utstyr som er viktig å ha med seg denne natta er telt eller presenning, ei lommelykt med gode batteri, fullt opplada mobiltelefon, sovepose, liggeunderlag, varme kler, regntøy, vanntette sko, mat og drikke. Noko av utstyret nemnt over er mogeleg å låne på BUA utstyrssentral i Aukra eller Hustadvika.

Målgruppe:

Seek & Find arrangerast for ungdomsskoleelevar frå 8. - 10. trinn på Julsundet skole og Gossen barne- og ungdomsskole.





Aukra kommune



Arrangør:

Seek & Find blir arrangert av kulturavdelinga i Aukra i samarbeid med ungdomsskolane, skolehelsetenesta og SLT-koordinator.

Seek and Find - eit rusfritt arrangement

Vi ønsker å understreke at dette er eit rusfritt arrangement, og at vi legg ned mykje arbeid for å holde det rusfritt, også den natta det blir gjennomført. Vi har ein stor vaksentettheit i skogen og klare reglar for spelet.

Vi tek straks kontakt med føresette dersom nokon har brote reglane. Det er derfor viktig at alle påmeldingsskjema inneholder eit telefonnummer der vi får tak i føresette eller andre voksne som kan hente deltakaren den aktuelle kvelden/natta.

Det same telefonnummer er viktig for oss dersom ein av deltakarane ikkje møter til innsjekking/utsjekking. Da tek vi også kontakt.

For å gjennomføre eit så stort arrangement, er vi avhengige av hjelp frå foreldre.

Vi trenger hjelp av foreldra til følgande:

- Følge laga ut i skogen. Den voksne får utdelt kart og GPS. Skogområdet er merka med band.
- Gå rundt i skogen kveld, natt og morgen. Vere til hjelp for ungdommane.
- Vere tilgjengelege for ungdommane rundt leirbålet på hovudbasen ved Aukra-hallen og ved gapahuken i Aukra-skogen
- Hjelpe til å vekke ungdommane som har sovna, slik at dei rekk å rydde og sjekke ut innan kl. 08.30
- Hjelpe til å rydde i skogen

Det vil bli servert godt med mat og drikke til dei frivillige som hjelper til.





Aukra kommune



Tidspunkt og gjennomføring

- Kl. 18.00: Oppmøte ved Aukra-hallen for frivillige. Informasjon og utdeling av kart.
- Kl. 19.00: Ungdommane blir registrert inn og sendt ut i skogen. Vi hjelper dei ut i skogen, dannar leirar, slår opp telt og passar på at dei har det bra. Vi er også merksame på at ikkje leirane ligg for tett saman.
- Kl. 22.00: Spillet startar.
- Kl. 07.00: Vekking av ungdommar som søv. Alle hjelper til med nedrigging og rydding av leirane og området rundt. Ungdommane blir minna på at dei må sjekke ut i Aukra-hallen, og leve vere soppelsekkar.
- Kl. 08.30: Utsjekking. Spillet er slutt. Utdeling av premiar

For meir informasjon ta kontakt med:

Jenny Småge, tlf: 95147936

Bent-Rune Stangeland, tlf: 95148059

Rita Rydheim Hjellset, tlf: 48216755

Anna:

Dersom barnet ditt har sjukdom/allergi eller det er andre forhold de meiner er viktig at vi veit om, så ta kontakt med oss før arrangementet.

